



NJFF
Sogn og Fjordane

REFERAT frå styremøte i NJFF - Sogn og Fjordane

Tid: Måndag 8. august 2022, kl. 18.00 -
Stad: Circle K, Skei i Jælster
Tilstades: Henning A. Haugholt (Teams), Morten Jacobsen (Teams), Ingunn L. Sunde, Frode Ølmheim, Bjørnar Eikenes, Reidun Solberg Seim, Terje Johansen og Håkon J Huseklepp
Forfall: Torger Eimhjellen og Siv Solberg

Sakliste:

56/22 **Godkjenning av ref. frå siste styremøte** - Henning
Vedtak: *Godkjent.*

57/22 **Referatsaker** - styret

Reidun:

16.06, teams. Møte adm og FS

23.06, teams. Møte adm og FS

30.06, teams. Møte adm og FS

27.07, teams. Møte om opplæringsjakt i Bremanger

Henning:

29.06, teams. Møte med Administrasjonen om lokasjon av Regionsekretær

27.07, teams. Møte om opplæringsjakt i Bremanger

Vedtak: *Styret tok informasjonen til etterretning.*

58/22 **Kontakt med lokallaga** - styret

Ingunn: Kontakt med Gaular JFL: Skal ha slaktekurs, jegerprøvekurs, våpenvedlikehald, fiskearrangement

og

Årdal JFF: Jubileum, har 12 hytter, rypejakt, samarbeid med 4H, jegerprøvekurs.

Bjørnar: Jølster: God aktivitet, men lite påmelding frå kvinner. Interessert i betre samarbeid med andre lokallag i Sunnfjord.

Terje: Bremanger: Fiskesommer aktivitet, hytte under ferdigstilling på fjellet.

Naustdal: Store på fiske,
Sogndal: Laksefiske i Sogndalselvi. Hjortejakt (3 terreng for utleige til medlemmer)
Leikanger: Fiskekonkurransen, jegerprøvekurs, opplæringsjakt, Røde Kors/
Frivillighetsentralen: Friluftsskule.
Luster: Slaktekurs i Jostedalen. Skytetrening.
Florø: Fiskesommar. Jobbar med jaktterreng.

Oppsummering: Håkon kontakter sine lag i løpet av dei neste vekene.

59/22 Fylkeslaget premiere predatorkonkurransar? - Bjørnar

Delar av jaktutvalet har diskutert saka ang utbetaling til lokallag som har predatorkonkurransen. Her var utvalet litt ueinige.
Til tross for dette var utvalet einige om at det ikkje kunne vere snakk om store summar. Midlane bør etter utvalets syn heller gå til opplæring av jakt på predatorar og liknande.

Vedtak/oppsummering: Vi støttar utvalet sitt syn: Forslag om å arrangere eit kurs med ein ressurspersonar på området (lokale ressurspersonar eller Tor Olav Dæhli ?) . SFJFF yter støtte på xx kr til å hente inn ressurspersonar på kurs i Sogn, Sunnfjord, Nordfjord.

Kurshaldarane bør få ein kompensasjon (dekking av reisekostander + ei lita påskjøning med NJFF logo).

Bjørnar innhenter meir informasjon og Jaktutvalet kjem med innstilling til neste møte.

60/22 Opplæringsjakt i Bremanger - Bjørnar og Torger

Jakta vil bli siste helga i oktober. 28-30.10.2022. Oppmøte kl 19:00 fredag. Jakt laurdag, og første halvdel søndag. Postering laurdags morgon, drivjakt på dagen, og postering kvelden. Postering søndags morgon?

Maks antall deltagerar: 6.

Deltagarpris: kr 1.000 for medlem og kr 1.500 for ikkje-medlem.

Maksalder for deltagerane er 26 år.

Reidarbua er booka. Kr 8.800 frå fredag til Søndag. 11 sengeplassar.

Deltagerane kan kjøpe kjøtt, av skotne dyr.

Pr kg: Kr 50 til deltakarane/kr 80 til andre.

Kvote: Kalv (fri). Pris kr 2.000

Kolle: Antall ? Pris kr 4.000

Vedtak/oppsummering: Terje kan vere med som instruktør denne helga. Frode kjem tilbake på om han kan vere med. Det er ikkje tillatt å bruke laushund. Henning lagar ei **hugseliste** på kva deltakarane bør ha med.

61/22 Solgte kort på Inatur, hjortejakt - Reidun

Det er per 4. august solgt jaktkort for kr 28.250. Derav kr 3.531 i provisjon inatur.

Hyllestad: 44 dagskort jaktleiar, 6 tilleggskort

Gulen: 33 dagskort jaktleiar, 32 tilleggskort

Luster: 25 dagskort jaktleiar, 27 tilleggskort

Selje: 14 dagskort jaktleiar, 6 tilleggskort

Vedtak: Styret tok informasjonen til etterretning.

Jaktutvalet: Vidar Aa Djupvik ynskjer avløyning.

Vedtak: Det blir arbeidd med å få inn nye utvalsmedlemmer, helst frå Sogn.

Håper at mine oppsummeringar er i samsvar med dine notater. Dersom du har kommentarer, kontakt meg så snart som råd er.

Håkon J Huseklepp

- Sekretær -